HELSE FONNA

Helse Vest RHF
Postboks 303, Forus
4066 Stavanger

Att. Humberset, Bård

Dykkar ref:	Vår ref:	Sakshandsamar:	Dato:
	2017/3361 - 26766/2018	Haldis Økland Lier tlf 05253	23.08.2018

Oppfølging av internrevisjonsrapport

Rapport frå internrevisjonen og oppfølgingsplan for Helse Fonna blei lagt fram for styret i november 2017 (sak 84/17). Føretaket er i e-post datert 17. august 2018 bedt om ei tilbakemelding til Helse Vest på kva som er gjort frå føretaka si side innan dei tema rapporten tok opp. Helse Fonna har tatt utgangspunkt i saka og handlingsplanen som blei lagt fram for styret i november 2017.

Internrevisjonsrapporten tydeleggjer rolla forsking har i kunnskapsutvikling i alle helseføretaka. Rapporten peikar på at det er eit mål for sjukehus, som ikkje er universitetssjukehus, at 1 % av samla driftskostnadar skal gå til forsking. Helse Fonna brukte 0,5% av driftsbudsjettet til forsking i 2016 (kjelde NIFU). Nordisk institutt for studier av innovasjon, forsking og utdanning (NIFU) har ikkje publisert tall for 2017. Eigne tal viser at forsking utgjorde 0,7 % av driftskostnadane i 2017 (kjelde: KAPP).

Rapporten gav tilrådingar på fleire område. Under kvart område er føretaket sine tiltak i 2018 lista punktvis.

4.2 Tilrådingar:

4. Tildeling av midlar – retningslinjer og prosessar

I rapporten er det føreslått fleire tiltak for å forbetre prosessen rundt tildeling av midlar; grunngjeving av søknadsavslag, skriftlegheit i søknadsprosessen og heimelsgrunnlaget for avgrensing av klageåtgang. Desse tiltaka vil betre forskarane si oppleving av prosessen og gje nyttige tilbakemeldingar til forskarane og helseføretaka.

Helse Fonna har hatt følgjande tiltak i 2018:

- I 2017 sendte Helse Fonna 13 søknadar om regionale forskingsmidlar, tre prosjekt fekk midlar. Dei som fekk avslag fekk grunngjeving frå komiteen. Helse Fonna lyste ut og tildelte to 50% doktorgradsprosjekt våren 2018. To av

Postadresse:
Helse Fonna HF
Postboks 2170
5504 Haugesund

Elektronisk adresse:
post@helse-fonna.no
www.helse-fonna.no

Besøksadresse:
Karmsundsgt. 120

Generell informasjon:
Sentralbord: 0 52 53
Org.nr: 983 974 694

søkjarane om regionale midlar søkte på desse midlane og fekk tildeling. Helse Fonna la mellom anna til grunn evaluering av søknadane frå Helse Vest. Grunngjevinga var i tillegg nyttig for forskarane i å forbetre protokollane.
- Helse Fonna har endra prosess før innsending av søknadar om regionale midlar. Alle søkjarar blir oppmoda om å få rettleiing på prosjektprotokoll frå rådgjevar forskingsseksjonen. Rådgjevar har doktorgradskompetanse og lang forskingserfaring.
- Alle forskarar som planlegg å søkje regionale midlar blir invitert til møte med det regionale kompetansesenteret for forsking for gjennomgang av og rettleiing i forskings- og søknadsprosess.

5. Formidling av forskinga

Formidling er viktig for at kunnskapen som kjem fram gjennom forskinga i føretaka vert kjend i dei kliniske miljøa ved sjukehusa samt i befolkninga.

I Helse Fonna har vi godt samarbeid mellom forskarar, forskingsadministrasjon og kommunikasjonsavdelinga.

Helse Fonna har følgjande nye tiltak i 2018:

- Helse Fonna har i samarbeid med Universitetet i Bergen arrangert kurs i medisinsk- og helsefaglig didaktikkformidling. Kurset er meritterande for å oppnå professorkompetanse, i tillegg aukar det forskarane sin kompetanse i formidling. Helse Fonna hadde seks deltakarar på kurset. Kurset fekk særs god evaluering.
- I samarbeid med kommunikasjonseininga i føretaket er det planlagt eit internseminar i november med fokus på formidling. Redaktør i forsking.no skal innleie seminaret. Forskarar i føretaket blir invitert til seminaret.
- Psyknettvest arrangerer skrivekurs for forskarar frå psykisk helsevern med tidlegare redaktør i *Acta Psychiatrica Scandinavica.* I 2018 vil forskarar frå somatikk i Helse Fonna få høve til å delta på kurset. Forskar frå barneavdelinga som fekk stipend frå Helse Fonna har fått plass på skrivekurset.
- Helse Fonna rapporterer til styret på formidlingsaktivitet (foredrag, kronikkar, undervising)

6. Brukarmedverknad

For å kunne lære av og utvikle nytta av brukarmedverknad i forsking er det viktig at det blir utarbeida felles retningslinjer og større systematikk i brukarmedverknad.

Helse Fonna har følgjande tiltak:

- Helse Fonna oppretta i 2017 eit brukarpanel. Dette har halde fram i 2018 som eit viktig tilbod til forskarane for å auke kvalitet og omfang av brukarmedverknad i forsking.
- Når e-læringskurs i brukarmedverknad (som er under arbeid i Helse Vest) er klart, vil Helse Fonna inkludere dette som eit obligatorisk krav i kompetanseportalen for alle forskarar i føretaket.

Vennleg helsing
Fag og føretaksutvikling



Haldis Økland Lier
fagdirektør